

MILJØDIREKTORATET  
Postboks 5672, Sluppen  
7485 TRONDHEIMDato: 31.01.2017  
Vår ref.: 2014/13925-9  
Saksbehandlar: jomragn  
Dykkar ref.: 2016/3067

## Rapportering på bruken av statlege tiltaks- og tilskotsmidlar på miljøområdet i 2016

Vi viser til dykkar brev av 01.04.2016 med overføring av tiltaks- og tilskotsmidlar til fylkeskommunen på miljøområdet for 2016. Ifølgje brevet skal fylkeskommunen rapportere på tilskotspostane innan 31. januar 2017 og sende ein oversikt over prosjekta det er gitt tilskot til under dei statlege tilskotspostane. Her er samla rapportering frå Hordaland fylkeskommune.

I tabellen nedanfor er det vist oversikt over løyving til Hordaland fylkeskommune og sum tilsegn på dei enkelte tilskotspostane i 2016. Dei enkelte tiltaka/prosjekta som fekk tilsegn om tilskot i 2016 er vist i vedlagde rapporteringsskjema (excel) frå Miljødirektoratet.

Tilskotsordning	Løyving (kr)	Sum tilsegn (kr)
Lokale vilttiltak mv, Kap. 1425 post 71.3	500.000	500.000
Friluftaktivitet, Kap. 1420 post 78	1.750.000	
Statleg sikra friluftslivsområder, Kap. 1420 post 78	3.850.000	
Vassmiljøtiltak, plan/prosess VRM, Kap. 1420.22.3	500.000	Til dekking av løn
Vassmiljøtiltak, spleiselag, Kap. 1420.22.3	1.885.000	880.000
Sum	8.485.000	

### Kommentarar til tilskotspostane

#### **Lokale vilttiltak mv, Kap. 1425 post 71.3**

Hordaland fylkeskommune fekk løyving på kr 500.000, medrekna tilleggsløyvinga på kr 100.000 i brev frå Miljødirektoratet datert 19.05.2016. I overføringsbrevet var det øyremarka kr 100.000 til prosjektet "Forvaltning av hjortebestand 2013-2017".

Det kom i alt 17 søknader om tilskot til viltformål. Prosjektet «Forvaltning av hjortebestand (2013-2017)» fekk tilsegn om tilskot på kr 300.000 i 2016, og prosjektet er rapportert å vere i rute.

Som føresett, (i Prop. 1 S), er det gjort samordna søknadshandsaming med Fylkesmannen ved søknader som fell inn under fleire av tilskotsordningane, som t.d. prosjektet "Infoblad jakt og fiske – Infoside internett". For slike søknader er heile søknadsbeløpet ført opp i vedlagde rapporteringsskjema, mens oppført tilsegn er frå Hordaland fylkeskommune.

I enkelte søknader er omsøkt beløp oppgitt som eit samla beløp frå fleire fylkeskommunar. For slike søknader er det ført opp omsøkt beløp til Hordaland fylkeskommune ved å dele på tal omsøkte fylkeskommunar.

Søknader om tilskot er også sakshandsama i det elektroniske søknadssenteret til Miljødirektoratet. Fordeling av tilskot til viltformål i 2015 vart gjort på møtet i Kultur- og ressursutvalet 02.06.2015 (sak PS 113/2015), der det er omtale og vurdering av den enkelte søknad. Det alt vesentlege av midlane på det fylkeskommunale viltfondet er utbetalt eller bunde opp i gitte tilsegner om tilskot.

### **Friluftslivsaktivitet, Kap. 1420 post 78**

Etter en purrerunde på resterende 2015-rapportering etter samlinga 1-2/11- 2016 blei Miljødirektoratet utfordra på at dette rapporteringskravet var unødvendig, og at rapportering gjennom saksbehandlersida i ESS burde vere tilstrekkeleg.

Miljødirektoratet har difor gjort ein tilpassing, og vil no kunne søkje opp og få fram rapportar via søknadssenteret. Dette føreset at alle fylka har lagt inn slutført saksbehandlingsresultat på saksbehandlersida i ESS, slik at alle opplysningar blir søkbare. Behandlingsresultat og –status, samt evt rapporteringskrav for dei som får tilskot innan friluftsliv er lagt inn i ESS.

Det betyr at oppdraget i tildelingsbrevet for 2016 om å sende inn utfylt excel-rapportskjema for begge friluftslivsordningane innan 1.februar 2017 då er avlyst for Hordaland fylkeskommune.

### **Tiltak i statleg sikra friluftslivsområder, Kap. 1420 post 78**

Tilpassinga frå Miljødirektoratet som vart nemnt over gjeld denne ordninga og.

### **Vassmiljøtiltak, plan- og prosessarbeid VRM, Kap. 1420.22.3**

Mesteparten av løyvinga har gått med til å dekke lønsutgifter knytt til regional vassforvaltingsplan og dekking av utgifter til møtearrangement. Resterande del av løyvinga står på bunde disposisjonsfond for overføring til 2017. Samla utgifter for fylkeskommunen er langt høgare enn løyvinga frå direktoratet om ein reknar med samla sakshandsaming i fylkeskommunen. Stillinga som vassrådgjevar var vakant delar av året, ny person er på plass og lønsutgifter vert dekke over denne potten framover.

### **Vassmiljøtiltak, spleiselag, Kap. 1420.22.3**

Fylkeskommunen har overtatt sekretariatet for Voss-Osterfjorden vassområde frå hausten 2016, dei andre 4 vassområda har fått 220.000 kvar (forsinka utbetaling til Hardanger og Vest vassområde kjem i 2017). Tilskotsmidlane inngår i spleiselag med kommunane til dekking av løn for prosjektleiar i det enkelte vassområde. Resterande løyving er overført til bunde disposisjonsfond og vert overført til 2017. Det blir auka behov for midlar no når planarbeidet i vassområda igjen får auka arbeid med gjennomføring av tiltak og oppstart av planrullering.

Sølve Dag Sondbø  
leiar – Klima- og naturressursseksjonen

Britt Karen Spjeld  
leiar – idrett og friluftslivsseksjonen

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Sakshandsamarar:

Eirik Knive (Friluftsliv), tlf. 991 55 829. [Eirik.Knive@hfk.no](mailto:Eirik.Knive@hfk.no)

Sølve Dag Sondbø (Vassmiljø), tlf. 900 75 325. [Solve.Sondbo@hfk.no](mailto:Solve.Sondbo@hfk.no)

Jomar Ragnhildstveit (Vilt), tlf. 976 66 576. [Jomar.Ragnhildstveit@hfk.no](mailto:Jomar.Ragnhildstveit@hfk.no)

**Vedlegg:**

1. Rapportskjema 2016 Vilttilskot (excel).